



Denne veka er ei lærerik veke for sjetteklassingar i Kvinnherad. I alle fallll får dei mykje verdifull kunnskap om båthistoria som på mange måtar er folket si eiga historie fordi båten var vegen i tidlegare tider.

Berre i dag har det vore elevar frå 4 skular i kommunen som har delteke i undervisningsopplegget Eg vil byggje meg ein båt i Bøkkerverkstaden og i morgon kjem ein skule til.

Valen, Skarveland, Sunde og Bringedal har fått servert levande og livleg kulturhistorie av ein kjend og pedagogisk dyktig duo frå Sunnhordland Museum på Stord.

Undervisningsleiar Johanne Øvstebø Tvedten og bygningsvernkonsulent Bjørn Arve Lunde kan meir enn dei fine titlane tyder på, dei er også flinke skodspelarar og har no vore på Rød så mange gonger at dei snart inngår i det antikvariske inventaret.

Dei ga elevane eit spennande innblikk i gamletida då båten var sentral og med ein modell illustrerte dei korleis sjølvaste nasjonalbåten - færingen - vart bygd. Dette var noko anna enn turr formidling inne i skulestova og Kvinnherad har truleg ingen som kan måle seg med dei to med omsyn til engasjerande formidling.

Over er elevane frå Valen og Skarveland utanfor verkstaden og under gjer Johanne og Bjørn Arve historia levande for dei. Og i ,morgon kjem turen til ei klasse frå Halsnøy.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

